

83 på barneskirenn i Fjellhaugen!

01.02.2009



Over 80 var med i barneskirenn og her står dei yngste i kø for å starta. Inne i flokken skimtar vi ei uskedeling – Joakim Ljosnes Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

83 deltakarar i barneskirenn var det mest imponerende då Rosendal Turnlag arrangerte det første Karusellrennet denne vinteren i Fjellhaugen søndag. 16 av dei svært unge skiløparane var frå Uskedalen. Dette vart det første rennet i serien fordi det som skulle vore det første måtte avlysast grunna snømangel.



Cathrine Haugland – vann duell i klasse 36-40 år. (Foto. Ola Matti Mathisen)

– Dette må vera århundrets barneskirenn, sa primus motor Elisabeth Stuland Mehl etter å ha teke i mot påmeldingar nesten ein halv time over fristen. Ho leia ein arrangørstab som fortener topp-krakter for god og smidig jobb. Når så også vergudane var hundre prosent på staben si side, måtte det bli vellukka. Ver og føre kunne ikkje ha vore betre.



Kari Bråtun – vann duell i 13-årsklassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men Elisabeth mintes 1980-talet då det var over 200 deltakarar i Kvinnheradmeisterskapen, den gongen arrangert ved Bjørnebølsfossen. Trass i alt begrensa talet på deltakarar i konkurranseklassa seg tilrundt 50 denne gongen. Så spørst det berre kor mange av dei unge som etter kvart blir aktive langrennsutøvarar....



Bjørn Lilleaas går i mål .. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er dei små frå Uskedalen som var med, mange med foreldra som stolte "støtteløparar":
Veslemøy Haugland, Karsten Andre Haugland, Jakob Taranger, Thea Taranger, Karsten Huse Bjørnebøle, Joakim Ljosnes Myklebust, Torbjørn Haugland, Harald M. Lekva, Tørres M. Lekva, Ella Hjørnevåg, William Hjørnevåg, Maia Pile, Hanna Tvikle, Karoline Myklebust, Sunniva Myklebust og Pål Ingemar Haugland.

I konkurranseklassane var det stort sett kjente namn som gjekk att, med nokre unntak. Sett gjennom Uskedalsbriller var Oddmund Soldal eitt av dei gledelege unntaka. Han gjorde unna 10-kilometeren på vel 28 minuttar og vann klassa 41-45 år.

I dei yngre klassene var uskedelingen Johannes Haugland raskast i 11-årsklassa medan Solveig Haugland gjorde seg bemerkta i 10-årsklassa.

Kari Bråtun vann denne gongen nappetaket med klassevenninna Karianne Røssland i 13-årsklassa.

Ingebjørg Haugland vart nummer tre i 14-årsklassa.

I ein annan duell, som fann stad i kvinner senior 36-40 år, sigra uskedelingen Catrine Haugland over Anna K. Hellevang frå Rosendal.

Her er plasseringane og tidene til uskedelingane:

Jenter 10 år: Solveig Haugland 7.18 (inga rangering)

Gutar 11 år: 1. Johannes Haugland 6.38

Jenter 13 år: 1. Kari Bråtun 13.59

2. Karianne Røssland 15.13

Jenter 14 år: 3. Ingebjørg Haugland 13.47

Kvinner senior 36-40 år: 1. Cathrine Haugland 15.15

Menn senior 55-60 år: 1. Bjarne Lilleaas 31.07

Menn senior 51-55 år: 3. Kurt Haugland 36.14

Menn senior 41-45 år: 1. Oddmund Soldal 28.18

Av Ola Matti Mathisen